



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Fiskeri- og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	04.03.2013	24801/2013/U43 2013/2953	Cecilie Flatnes, 71 25 80 44	18.04.2013

## **Mellombels høyringssvar – forslag til forskrift om tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvatn 2013**

Vi viser til Dykkar brev av 04.03.2013 om "Høyring – forslag til endring av forskrift om løyve til akvakultur for laks, aure og regnbogeaure (laksetildelingsforskriften)".

Regional- og næringsutvalet i Møre og Romsdal Fylkeskommune fatta 16.04.2013 følgjande samrådstes tilråding:

- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det ikkje er tenleg å avgrense talet på nye løyve per søkar. Det er viktigare å få fram nye og berekraftige løysingar enn å spreie eigarskapet. For å få til dette bør ein prioritere gjennomføringsevne og innovasjon. Det bør vere ei jann regional fordeling av løyva slik at det er fokus på arbeidet med å utvikle næringa i ei meir miljømessig berekraftig retning langs heile kysten.
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det ikkje er tenleg å legge ekstra reguleringar på omsetting av løyve tildelt små aktørar. Dersom vidaresal av løyve frå små aktørar blir sett på som eit stort problem, bør heller avgrensinga til små aktørar fjernast som kriterium for tildeling.
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at forskrifta ikkje bør gi pålegg om informasjonsdeling av produksjonsmetodar og tekniske løysingar utover det som er vanleg i næringslivet, då det kan hindre nyvinningar og utvikling.
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at NYTEK-forskrifta er utarbeidd for å førebygge rømming. Vi ser ikkje behov for unntak frå denne.
- Når det gjeld kriteria for tildeling av løyve meiner Møre og Romsdal fylkeskommune at eigarar av grøne løyve må kunne rette seg etter pålegg frå Mattilsynet om avlusing på same måte som ordinære løyve. Lakselus er vanskeleg å bekjempe, og ein treng alle verktøy som er tilgjengeleg. Vi ser det ikkje som tenleg å sette ei øvre grense på maksimalt 3 avlusingar per produksjonssyklus.

Framlegg til høyringssvar må og leggast fram for Fylkesutvalet den 27-28.05.2013. Vi ber om å få ettersende endeleg innstilling.

Med helsing



Bergljot Landstad  
regional- og næringssjef

Cecilie Flatnes  
rådgivar

Vedlegg  
Saksframlegg til møte i Regional- og næringsutvalet



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
06.03.2013	13643/2013	Cecilie Flatnes, Birgit Aarønæs Zanella

Saksnr	Utval	Møtedato
	Regional- og næringsutvalet	16.04.2013
	Fylkesrådmannens tilråding	
	Fylkesutvalet	27.05.2013

## Grøne løyve innan akvakultur 2013 - Høyring

### Bakgrunn

Fiskeri- og kystdepartementet vil i 2013 lyse ut inntil 45 akvakulturløyve for laks, aure og regnbogeaure, såkalla grøne løyve. I samband med dette er det laga ei forskrift der vilkåra for tildeling og saksgang er definert. Forskrifta er ute på høyring med frist 18. april 2013.

I denne tildelingsrunden vil departementet leggje til rette for løysingar som bidrar til å utvikle ny kunnskap når det gjeld bekjemping av lus og rømming. Dei nye løyva skal bidra til ei berekraftig og konkurранsedyktig akvakulturnæringer som aukar matproduksjon, aktivitet og verdiskaping langs kysten. Tildelingsrunden tek særleg sikte på å utvikle nye teknologiske løysingar som gir gode resultat med omsyn til miljø. Forskrifta legg opp til tildelingskriterier som skal stimulere til auka miljøinnsats i næringa med omsyn til dei to største miljøutfordringane; lakselus og rømming.

Regjeringa la i statsbudsjettet Prop. S. nr.1 Tillegg nr. 2 (2012-2013) fram rammene for denne tildelingsrunden. Fiskeridirektoratet skal stå for utlysing av løyva, medan ei faggruppe nedsett av Fiskeri- og kystdepartementet skal handsame søknadane og treffe vedtak om kven som skal få løyve. Fiskeri- og kystdepartementet er klageinstans. Lokalitetane som løyva skal drivast på må godkjennast av fylkeskommunane på vanleg måte.

### Nærare om forslaget til grøne løyve

#### Tildelinga er delt i tre grupper:

- Gruppe A- Troms og Finnmark: 20 løyve skal tildelast til ein pris på 10 mill. kr per løyve. For å få eit nytt grønt løyve må søker løyse inn eit eksisterande løyve, som då blir omgjort til grønt løyve. Løysingane som blir valt må "redusere miljøutfordringane" ved at dei:
  - gjev redusert risiko for at akvakulturproduksjon vil påverke vill laksefisk som følgje av rømming, eller
  - sikrar at det til ei kvar tid er færre enn *0,25 vaksne holus av lakselus* i gjennomsnitt per fisk, og denne grensa skal overhaldast ved bruk av maksimalt 3 medikamentelle behandlingar mot lakselus per produksjonssyklus.

Dei beste miljømessige totalløysingane blir prioritert.

- Gruppe B- Open gruppe med lukka bodrunde: 15 løyve blir tildelt uavhengig av fylke eller region. For å få eit nyt grønt løyve må søker løyse inn eit eksisterande løyve, som då blir omgjort til grønt løyve. Her gjeld dei same kriteria for lus og rømming som i Gruppe A. Når miljøkriteria er oppfylt, er det dei med høgaste bod som får tildelt løyva.
  - Gruppe C- Open gruppe: 10 løyve blir tildelt uavhengig av fylke eller region og utan krav om innløysing av eksisterande løyve. Her er prisen 10 mill. kr per løyve. Kriteria for lus og rømming er strengare enn for dei andre løyva. Dei teknologiske og driftsmessige løysingane som blir presentert må "redusere miljøutfordringane vesentleg" ved at dei:
    - gjev vesentleg mindre risiko for at akvakulturproduksjon vil påverke vill laksefisk som følgje av rømming, eller
    - sikrar at det til ei kvar tid er færre enn *0,1 vaksne holus av lakselus i gjennomsnitt per fisk*, og denne grensa skal overhaldast ved bruk av maksimalt 3 medikamentelle behandlingar mot lakselus per produksjonssyklus.
- Dei beste miljømessige totalløysingane blir prioritert.

Tildelingsmyndigheten skal sette vilkår som medverkar til at kriteria som er avgjerande for tildelinga vert etterlevd. Vilkåra følgjer løyvet.

Ved brot på vilkåra kan myndighetene gi pålegg, tvangsmulkt, lovbrotsgebyr, straff eller trekke tilbake løyvet. Tilbaketrekkning skal kunne nyttast der innehavar ikkje klarer å oppfylle vilkåra i løyvet trass fleire pålegg. Innehavar tapar då vederlaget som blei innbetalt ved tildelinga. Som alternativ kan løyvet seljast, men ein ny eigar vil i slike tilfelle overta ansvaret for vilkåra knytta til løyvet. Varsel om tilbaketrekkning og fristar for utbetring følgjer løyvet. Løyve som i samband med tildeling av grøne løyver blei innløyst og omgjort til grønt løyve vil ved tilbaketrekkning gå tilbake å bli eit ordinært løyve.

Akvakulturnæringa i Noreg er sett saman av aktørar med ulik storleik og eigarstruktur. I denne tildelingsrunden ønskjer regjeringa å bidra til å oppretthalde dette mangfaldet. Det er likevel berre i Gruppe A- Troms og Finnmark at det er framsett forslag om konkrete prioriteringar av mindre aktørar, der forslaget er å reservere 5 av 10 løyver i kvart fylke til mindre aktørar.

Ingen av løyva kan nyttast utan ein godkjent lokalitet. Lokalitetsklareringa skal gjerast av fylkeskommunane i etterkant av tildeling. Fylkeskommunane får 4 mill. kr per løyve som blir lokalisert i vedkommande fylke.

## Vurdering

Ei tildelingsrunde vil bidra til å auke verdiskaping og berekraft langs kysten, og det er viktig både for akvakulturnæringa og villakseinteressene med framgang knytta til problemstillingane rømming og lakselus. Det blir derfor vurdert som positivt at departementet i denne tildelingsrunden fokuserer særskilt på å utvikle ny kunnskap om lus og rømming.

Det er viktig at det er fokus på å utvikle næringa langs heile kysten i ei meir miljømessig berekraftig retning, og det blir derfor vurdert slik at det bør være ei viss regional fordeling av løyva.

Eit grunnleggande spørsmål ved denne tildelingsrunden er om kriteria er utforma på ein slik måte at det er mogleg å overhalde vilkåra som følgjer løyvet. Det må både vere praktisk mogleg å etterleve vilkåra, og det må vere mogleg å kontrollere om vilkåra er etterlevd.

*Departementet ber særskilt om innspel på følgjande spørsmål:*

*Om det bør det setjast eit øvre tak for kor mange løyve ein søker kan tildelast.*  
Omsynet til fordeling av løyve på fleire aktørar gjer at det kan argumenterast for at det bør innførast eit øvre tak. Ein bør likevel sjå mest til målsetjinga med forskrifta, som er ei meir miljøvenleg teknologisk utvikling. Det blir vurdert som viktigare å få fram nye og bærekraftige løysingar enn å spreie eigarskapet. For å få til dette bør ein prioritere gjennomføringsevne og evne til innovasjon.

*Om det bør setjast vilkår som hindrar at løyvet blir vidareselt til større aktørar.*  
Ved tildeling av løyve til mindre aktørar, kan løyva bli selt vidare til større aktørar, eller eit lite selskap kan bli fusjonert inn i eit større. Det er store omkostningar og investeringar ved kjøp av eit løyve, og regulering av eit eventuelt vidaresal kan hindre satsingsviljen og dermed nye teknologiske framsteg. Det blir vurdert som betre å ta bort kriteriet om å prioritere små aktørar enn å legge inn avgrensingar i råderetten til desse. Kor kommersielt interessante dei grøne løyva vil vere avheng av vilkåra som følgjer dei. Men slik prisen har vore på vidaresal av selskap (løyver) dei siste åra vil alle som får tildelt eit nytt løyve til kr 10 mill. tene på eit vidaresal.

*Om myndighetene skal kunne pålegge eigara å offentleggjere informasjon.*  
Dersom nokon kjem fram til teknologiske løysingar som treng vern, må dette handterast gjennom patentering. Vi ser ikkje at det er tenleg å legge inn reglar som regulerer selskapsinformasjonen i denne forskrifta.

*Om det bør opnast for unntak frå NYTEK-forskrifta for å stimulere til nye løysningar.*  
NYTEK-forskrifta medverkar per i dag til å førebygge rømming gjennom å sikre forsvarleg teknisk standard på anlegga. Vi kan ikkje sjå at det vil vere forsvarleg med unntak her så lenge NYTEK-forskrifta er grunnlaget for førebyggande rømmingstiltak.

*Utforminga av kriteria for å få tildelt løyve.*

Kriteria for løyva og vilkåra som følgjer løyva er ei utfordring i praksis. Det er stilt krav til lave lusegrenser og berre 3 medikamentelle avlusningar per produksjonssyklus. Medisinbehandling mot lakselus er eit viktig verktøy i kampen mot lusa, og det vil kunne komme nye og meir effektive legemiddel i åra som kjem. Innehavar må også kunne følgje opp pålegg frå Mattilsynet om lusebehandling for lokaliteten eller området der lokaliteten ligg utan at dei bryt vilkåra for løyvet. Medikamenta har i tillegg langt mindre effekt på miljøet enn det lusa har på villaks og sjøaura. Vi meiner derfor at det ikkje bør settast ei øvre grense for talet på lusebehandlingar i kriteria.

## Forslag til vedtak:

- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det ikkje er tenleg å avgrense talet på nye løyve per søker. Det er viktigare å få fram nye og bærekraftige løysingar enn å spreie eigarskapet. For å få til dette bør ein prioritere gjennomføringsevne og innovasjon. Det bør vere ei jamn regional fordeling av løyva slik at det er fokus på arbeidet med å utvikle næringa i ei meir miljømessig berekraftig retning langs heile kysten.

- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at det ikkje er tenleg å legge ekstra reguleringar på omsetting av løyve tildelt små aktørar. Dersom vidaresal av løyve frå små aktørar blir sett på som eit stort problem, bør heller avgrensinga til små aktørar fjernast som kriterium for tildeling.
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at forskrifa ikkje bør gi pålegg om informasjonsdeling av produksjonsmetodar og tekniske løysingar utover det som er vanleg i næringslivet, då det kan hindre nyvinningar og utvikling.
- Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at NYTEK-forskrifta er utarbeidd for å førebygge rømming. Vi ser ikkje behov for unntak frå denne.
- Når det gjeld kriteria for tildeling av løyve meiner Møre og Romsdal fylkeskommune at eigarar av grøne løyve må kunne rette seg etter pålegg frå Mattilsynet om avlusing på same måte som ordinære løyve. Lakselus er vanskeleg å bekjempe, og ein treng alle verktøy som er tilgjengeleg. Vi ser det ikkje som tenleg å sette ei øvre grense på maksimalt 3 avlusingar per produksjonssyklus.

Bergljot Landstad  
regional- og næringssjef